

DRIFTSBYGNINGAR I LANDBRUKET

Søknad sendast til:

Sogndal kommune

Postboks 153

6851 SOGNDAL

ByggSøk

Det vert tilrådd at ein nyttar nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis, og du får informasjon om utfylling undervegs. Ved å nytte ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden.

Driftsbygningar i landbruket omfattar:

- Oppføring, endring og reparasjon av driftsbygningar i landbruket, her under installasjonar som inngår i slike bygningar. (Bygg for dyrehald utanfor landbruket blir ikkje rekna som driftsbygningar.)
- Husvære for seterbruk, næringsfiske eller skogdrift og for gjeter-hytter til reindrift. Slike husvære skal ikkje nyttast som fritidsbustad.



Nærare definisjon av kva som reknast som driftsbygning, og dessutan ei nærare skildring av plan- og bygningslovgivningens vilkår for slike tiltak er gitt i temaretleiing HO-2/2002 – Driftsbygningar i landbruket.

Sakstypar:

Alminnelege driftsbygningar vert handsama etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-2 og kan utførast av tiltakshavar. Som alminnelege driftsbygningar vert rekna:

- a) Oppføring, plassering, vesentleg endring, vesentleg reparasjon eller riving av driftsbygning inntil 1000 m² bruksareal (BRA).
- b) Tilbygg til driftsbygning dersom det totale arealet til bygningen inkludert tilbygget ikkje overstig 1000 m² bruksareal (BRA).

Større driftsbygningar skal handsamast som søknader etter pbl § 20-1 med krav om ansvarsrett for alle funksjoner. Det same gjeld bygningar for fabrikk messig produksjon og sal.

Komplett søknad etter pbl § 20-2 i eit eksemplar skal innehalde (jf. SAK 10 § 5-4):

Søknadsblankett utfylt slik at det viser korleis bygget oppfyller krav i plan- og bygningslov.	NBR nr. 5153*
Kopi av nabovarsel. Det skal koma fram av nabovarselet dersom det blir søkt dispensasjon Søknaden kan ikkje sendast inn før frist for nabomerknader er utgått.	NBR nr. 5155
Evt. merknadar frå naboar med utgreiing for korleis desse evt. er teke omsyn til	
Situasjonsplan Kartet må være av ny dato og kan tingast hjå kommunen.	
Teikningar og evt. skildring som viser korleis tiltaket tilfredsstillar krav i plan- og bygningslov, forskrifter og reguleringsplan. Teikningane skal være i målestokk, f. eks. M 1:100, av plan og fasadar.	
Uttale eller avgjerd frå andre styresmakter (vegstyresmakt, landbruksstyresmakt etc.)	
Evt. søknad om dispensasjon* Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det stilt krav til at søknaden er grunngitt jf. pbl § 19-1. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuell nabo.	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning



Norsk Kommunalteknisk Forening, NKF byggesak, Postboks 1905 Vika, 0124 Oslo
Tlf: 22 04 81 40 – E-post: nkf@kommunalteknikk.no – Internett: www.kommunalteknikk.no

Informasjonsarkene er utviklet av Kristiansand kommune og rettighetene er overdratt til NKF og kan ikke kopieres videre eller tilgjengeliggjøres på annen måte uten avtale. Utnyttelse i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar.

DRIFTSBYGNINGAR I LANDBRUKET

- Ved oppføring av **alminnelege driftsbygningar** er tiltakshavar sjølv ansvarleg for at tiltaket følgjer gjeldande krav etter plan- og bygningslova. Bygningsstyresmakta kan ved tilsyn be om dokumentasjon på korleis krava til lova til konstruksjonssikkerhet, brannvern og rømningstilhøva, universell utforming, planløyising, tryggleik i bruk, tekniske installasjonar m.v. er ivareteke.

Søknad etter plan- og bygningslovens § 20-1 Søknad må innsendast av føretak som kan godkjennast som ansvarleg søkjar.	For større driftsbygningar og for andre større bygg i landbruket
Komplett søknad i 1 eksemplar skal innehalde (jf. SAK 10 § 5-4):	
Søknadsblankett inkl. ansvarsrett for søkjar	NBR nr. 5174*, 5175*, evt. 5151* , 5159* og 5160*
Kopi nabovarsel. Naboar skal varslast. 5155 Søknaden kan/bør ikkje sendast inn før fristen for nabomerknader er utgått.	NBR nr.
Evt. merknadar frå naboar med utgreiing for korleis desse evt. er innarbeidd i prosjektet.	
Situasjonsplan. Kartet må være av ny dato og bestillast hjå kommunen.	
Teikningar (planar, snitt og fasadar i målestokk, f eks. M 1:100, og dokumentasjon av estetisk tilpassing)	
Gjennomføringsplan med oversyn over ansvarsområder inndelt i godkjeningsområder 5185* og etter tiltaksklassar, kontrollområder, ansvarlige føretak og gjennomføring av oppgåvene.	NBR nr.
Søknad om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og evt. kontrollerande med relevant dokumentasjon.	NBR nr. 5181* og evt. 5159* og 5160*
Uttale eller avgjerd frå andre styresmakter (vegstyresmakt, landbruksstyresmakt etc.)	
Evt. søknad om dispensasjon Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd ein grunnitt søknad, jf. pbl § 19-1. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftlig samtykke frå aktuell nabo.	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Når kan arbeidet starta?

Arbeidet kan ta til 3 veker etter at søknaden er motteken i kommunen dersom følgjande vilkår er ivareteke (jf. pbl § 21-7):

- Arbeidet er i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av pbl (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknadar frå naboar eller gjenbuar.
- Det er ikkje naudsynt med ytterligere løyve, samtykke eller uttale frå andre styresmakter.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga sakshandsamingsfrist, jf. SAK 10 § 7-3.

Dersom desse vilkåra ikkje er ivareteke, kan arbeida ikkje settast i gang før det ligg føre skriftlig løyve frå kommunen. Ein rår til at ein tek kontakt med kommunen før arbeidet startar.

Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gjeve bruksløyve eller ferdigattest.



Norsk Kommunalteknisk Forening, NKF byggesak, Postboks 1905 Vika, 0124 Oslo
Tlf: 22 04 81 40 – E-post: nkf@kommunalteknikk.no – Internett: www.kommunalteknikk.no

Informasjonsarkene er utviklet av Kristiansand kommune og rettighetene er overdratt til NKF og kan ikke kopieres videre eller tilgjengeliggjøres på annen måte uten avtale. Utnyttelse i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar.